



Notat

Dato: 26.02.2015
Arkivsak: 2014/19504-10
Saksbehandlar: maraskv

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Ungdommens kulturmonstring 2015

Gjennom 25 år har Ungdommens Kulturmonstring (UKM) utvikla seg til å bli det som i dag ses som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM Hordaland er godt forankra, og Hordaland fylkeskommune har hatt ansvar for gjennomføring av den årlege fylkesmonstringa.

Fylkeskontakt for UKM Hordaland frå hausten 2014 er Marianne Ose Askvik, spesialrådgjevar ved Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Fylkeskontakten fungerer som mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, UKM regionalt og UKM lokalt. Dette inneber også jamleg dialog med Hordaland sin representant i ungdommens referansegruppe (URG). URG (etablert i 2009 av UKM Norge) er ei gruppe ungdommar som gjennom heile året jobbar mot eit betre UKM for deltakarane både lokalt, regionalt og nasjonalt. Dei reiser rundt på kommune- og fylkesmonstringar for å m.a. høyre kva deltakarane har av innspel og idear og jobbar vidare med iverksetting av desse.

Fylkesmonstringa 2015

Fylkesmonstringa i Hordaland 2015 vert arrangert 18. og 19. april på USF Verftet. Workshops innan kategoriane dans, musikk, unge arrangørar og kunst vert arrangert for deltakarane i tidsrommet 11:00 – 14:00. Ved at lokala Røkeriet, Sardinien, Dansesalen og USF Blackbox vert nytta til desse, vil heile USF verte nytta til fylkesmonstringa. Offisiell opning av monstringa er lagt til kl.15:00. Kvar framsyning vil vere i Røkeriet med ei varigheit på 50 minutt, etterfylgt av 10 minuttars pause. Kunstutstillinga vert opna i Sardinien kl.17:00, etterfylgt av sceneinnslag i Røkeriet frå kl.18:00.

For fyrste gong vil alle deltakarane få tilbod om overnatting frå laurdag til sundag. Overnattinga vil finne stad i Nordneshallen som ligg i sju minuttars gange frå USF. Her vil deltakarane og leiarane få kveldsmat og frukost. Tre regionale representantar i URG (Finnmark, Vestfold og Nord-Trøndelag) vil vitje fylkesmonstringa i Hordaland. Desse ungdommane vil saman med UKM Hordaland sin representant i URG arrangere fleire sosiale arrangement i Nordneshallen laurdag kveld, m.a. nattkino og diverse konkurransar.

Det er ei målsetjing at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som liker det same som ein sjølv og fått nye vener.

Teknisk arrangør for fylkesmonstringa 2015

Teknisk arrangør for UKM fylkesmonstringa i Hordaland 2015 er AKKS Bergen. AKKS har lang erfaring og

høg arrangørkompetanse og har gjennom fleire år markert seg som ein arrangør med ungdom som målgruppe. Dei har kontor på USF Verftet og driv fem øvings- og kurslokalar. Sidan 2001 har AKKS arrangert Eggstockfestivalen, ein rockefestival for unge og uetablerte band i Hordaland. Festivalen er unik samanlikna med andre musikkfestivalar ettersom Eggstockfestivalen har tradisjonar tilbake til 60-talet i Bergen som eit springbrett for unge musikarar. Vidare er festivalen tilgjengeleg for alle musikkinteresserte publikummararar ved at billettprisen er lav og det ikkje er nokon aldersgrense. I 2013 starta AKKS opp ein ny konsertserie for og av ungdom med namnet «UFLAKKS». Konsertserien har fri aldersgrense og vert arrangert av ei gruppe på 11 ungdommar med ei stor interesse for musikk som ønskjer å lære korleis ein arrangerer konserter. Arrangørgruppa vert administrert av AKKS Bergen og organisasjonen sin arrangementsansvarlege har hovudansvaret for opplæring av ungdommane innan marknadsføring, økonomi, booking, produksjon, og har i tillegg ansvaret for heile gjennomføringa av konsertane. AKKS Bergen har unik kompetanse for at fylkesmønstringa til UKM Hordaland vert gjennomført som eit godt arrangement.

Med ein samla verdi på 100 000 kroner var anskaffinga av oppdraget som teknisk arrangør av UKM Hordaland under nasjonal terskel. Saka vart difor handsama etter del I i forskrift til lov om offentlege anskaffingar. I utgangspunktet ville det vore rett å kontakte minst tre aktørar med førespurnad om tilbod. Ved dette høvet er det to aktørar som har vore vurdert, Hordaland barne- og ungdomsråd og AKKS Bergen. Årsaka til dette er at det så langt Hordaland fylkeskommune har kunne sjå, ikkje eksisterer nokon andre aktørar innan det organiserte frivillige kulturfeltet som har ein slik unik kompetanse på arrangør- og ungdomsfeltet. Kulturutviklingsperspektivet i eit partnerskap er tungt vektlagt i denne samanheng og det har difor ikkje vore aktuelt å gi eit pristilbod til kommersielle tilbydarar. Hordaland fylkeskommune vil nytte UKM Hordaland til å utvikle kulturlivet og vil at UKM Hordaland skal vere til nytte for ei samarbeidspartnar innan det organiserte frivillige kulturfeltet, slik at samarbeidet vil komme organisasjonen sin eigen aktivitet og deira kulturelle målsetjing til gode.

Dagleg leiar i Hbur har gjort eit godt arbeid med administrering og organisering av fylkesmønstringa for UKM Hordaland sidan 1992. Då ein i 2015 søkte ein samarbeidspartnar meir reint knytt til teknisk gjennomføring av sjølve arrangementet i april, såg også oppgåvene annleis ut enn dei som Hbur tidlegare har hatt. Difor valte Kultur- og idrettsavdelinga å vektleggje noko anna kompetanse i ein samarbeidspartnar enn det tidlegare har vore gjort. Etter ei grundig vurdering vart AKKS Bergen valt som teknisk arrangør i fylkesmønstringa av UKM Hordaland i 2015.

Budsjett for 2015

Hordaland fylkeskommune har i vedteken budsjett for 2015 satt av 350 000 kroner til Ungdommens kulturmønstring frå post 400.725 Barne- og ungdomsarbeid. Budsjett for UKM Hordaland vert fordelt slik:

Utgifter:

Honorar til teknisk arrangør (AKKS Bergen): 100 000 kroner
 Leige av USF Verftet: 200 000 kroner
 Kjøp av materiell frå UKM Norge: 20 000 kroner
 Honorar til jurymedlemer: 18 000 kroner
 Leige av Nordneshallen: 18 000 kroner
 Mat og drikke under mønstringa: 80 000 kroner
 Blomar til deltakarane under fylkesmønstringa: 2 000 kroner
 Nettredaksjon: 10 000 kroner
 Reise og opphald under UKM landsfestivalen i Trondheim: 80 000 kroner
 Leige av vegger til kunstutstillinga: 2 000 kroner
 Workshop: 70 000 kroner

Inntekter

Deltakarinntekt: 140 000 kroner

Stimuleringsmidlar frå UKM Norge: 30 000

Billettinntekter: 50 000 kroner

Kulturkortet: 30 000 kroner

Under fylkesmønstringa 2015 vert billettprisen for alle med kulturkort for ungdom (16 – 20 år) redusert frå 75 kroner til 0 kroner. Tapt billettinntekt for dette vert dekt gjennom kulturkortordninga, og denne er estimert til å vere på 30 000 kroner. Samla sett er det budsjettert med 600 000 kroner i utgifter og 250 000 kroner i inntekter til UKM Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har til saman fått tildelt 30 000 kroner i stimuleringsmidlar frå UKM Norge i arbeidet med workshop og sosiale arrangement knytt til overnattinga i Nordneshallen.